

Til føresette for elevar ved Herøy vidaregåande skule



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy vidaregåande skule

INVITASJON TIL FELLES FORELDREMØTE

Elevar og tilsette har kome i gong med skuleåret og det er tid for eit møte for føresette.

Sjølv om elevane no er komne over i eit opplæringsssystem som dei har valt sjølve, er samarbeid mellom føresette og skule framleis viktig for utvikling og læring. Derfor ønskjer vi å etablere dette viktige samarbeidet så tidleg som muleg.

Tidspunkt:

- **Tysdag 03.09.**

- kl. 18.00: vg1- klassene på Teknikk- og industriell produksjon, Naturbruk, Bygg- og anleggsteknikk
- kl. 19.00: vg1-klassene på Helse- og oppvekstfag, Restaurant- og matfag

- **Onsdag 04.09.**

- Kl. 18.00: vg2-klassene (Byggfag, Industriteknologi, Maritime fag, Fiske- og fangst, Helsearbeidarfag, Barne- og ungdomsarbeidarfag, Kokk- og servitørfag)

Program:

- Informasjon om skulen
- Samarbeid heim – skule
- Val av representantar til skuleutvalet (føresette til vg1-elevar vel ein representant og ein vara til skuleutvalet)
- Møte med dei ulike kontaktlærarane

Alle møter på auditoriet (rom 025)

Vel møtt!

Med helsing


Ester Sjørdal Klungre
Konst. rektor